

Avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrensene – gnr. 19 bnr. 349 – Kvam herad

Me viser til oversending datert 17.12.2019, til Statens vegvesen. Som fylgje av regionreforma, vart dokumentet oversendt Vestland fylkeskommune 22.01.2020.

Vedtak
Med heimel i veglova avslår vi søknaden om dispensasjon frå byggegrensene mot fv.49 for å oppføre tilbygg til hytte på gnr. 19 bnr.349 i Kvam herad.

Bakgrunn for vedtaket
Søkar sine merknader til saka:
Det er planlagt tilbygg som forlenging av eksisterande hytte. Eksisterande hytte er og plassert nær veg, og tilbygget vil ikkje endre på denne situasjonen. Det vil bli tatt omsyn til støy ved prosjektering av tilbygg, noko som vil gi betre forhold med tanke på innvendig støy. Det er gitt dispensasjon til anna hytte i nærleiken.

Vestland fylkeskommune si vurdering av saka:
Vi har vurdert søknaden og kome fram til at vi ikkje kan gi dispensasjon. Dette vert grunngitt i nærleiken til fylkesvegen.

Avstanden frå omsøkt tiltak til midtlinja på fv. 49 er oppgitt til å vera 9,8 meter, og 6 meter til vegkanten. Byggegrenser skal ta omsyn til trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av veggen, og miljøøst langs veggen. Fv. 49 er i «Rammepplan for avkøyrsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensene for riks- og fylkesveg i Region vest (2017-2020)» klassifisert med haldningsklasse 2, med 50 meter byggegrensene som utgangspunkt:

HALDNINGSKLASSE 2 (CUL) – Viktig hovudveg (regional og overordna lokal funksjon)

- Byggegrenser 50 meter
- Det vert vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det foreligg ein Reguleringsplan

Kriterium som kan gje unntak i særskilte høve:

Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldplass og fartsgrensene 70 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggegrensene vurderast. Støykrava i byggeteknisk forskrift skal oppfyllest.

Kvamskogen har i mange år hatt utfordringar med tanke på trafikktryggleik både for mjuke trafikantar og vegfarande elles. Området er snørikt, og har stor aktivitet både sommar og vinter.

Parkering i og langs fylkesvegen er og ei utfordring til tider. Byggegrenser, parkering og avkrysser har vore gjenstand for mange diskusjonar mellom Statens vegvesen, fylkeskommunen (den gong Hordaland fylkeskommune) og Kvam herad. Som fylgje av dette, er det i nyare reguleringsplanar på Kvamskogen lagt til grunn fylgjande:

- 50 meter byggegrense som utgangspunkt, med tilpassingar til lokale tilhøve.
- 20 meter byggegrense til parkeringsplassar, særskilt med bakgrunn i vintervedlikehold.
- Avkryssleproblematikk skal vera løyst før vidare utbygging.

Ny tunnel forbi Tokagjelet kan føra til endingar i trafikksituasjonen på deler av Kvamskogen. Kommunedeplanen har vore på høyring, men ein har ikkje landa på endeleg løysing. Det er difor usikkert kor vidt det er behov for areal for utviding av fylkesvegen på denne strekninga, og oppføring av nytt tilbygg så nærme veggen vil etter vart syn kunne gi ytterlegare utfordningar ved ei eventuell utviding av veggen, navhengig av eksisterande hytte.

Både eksisterande hytte og planlagt tilbygg ligg i raud støysoner. Det vert sagt i søknaden at ein skal ta omsyn til støy i prosjekteringa av tilbygget. Raud støysoner er det mest støyutsette arealet langs veggen, og det vert i denne sona frådrødd oppføring av til dømes fritidsbustad.

I grunngeving frå søkjar, vert det sagt at det er gjeve dispensasjon for ei anna hytte i nærleiken. Statens vegvesen gav i utgangspunktet avslag på denne søknaden, men søkjar fekk medhald etter å ha klaget på vedtaket. Me vil i den samanheng undersøke at avstanden i det tilfellet var 21 meter til midtlinja på fylkesvegen, dvs over det dobbelte av det som er søkt om for gnr. 19 bnr. 349.

Med bakgrunn i dette avslår me difor søknad om dispensasjon frå byggegrense for gnr. 19 bnr. 349.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[klage på forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Vestland fylkeskommune.

Med helsing

Kari Veseth Kinden
Overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskrivne underskrift

Vedlegg Veglova §29, §30, §34, §35, §38

Mottakarliste
KVAM KOMMUNE Grovagjelet 16 5600 NORHEIMSUN
D

§ 29. Langs offentleg veg skal det vere byggegrenser fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følger av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven. Byggegrensene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.

Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg og 15 meter frå kommunal veg. For gang- og sykkelveg er avstanden 15 meter (anten vegen er riksveg, fylkesveg eller kommunal veg). Førseggenene i dette leddet gjeld dersom ikkje anna følger av førseggenene i tredje, fjerde og femte ledd. Avstanden skal reknast frå midtlinja i høvevis kjørubana, eller gang- og sykkelvegen. Har vegen åtskilde kjørubaner, eller er det tvil om kva som bør reknast for midtline, avgjer vegstyremakta kva line avstanden skal reknast frå.

Departementet kan for særskilt fastsette riksvegstrækningar sette større eller mindre avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje større enn 100 meter. For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsette strækningar sette ein større avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje større enn 50 meter.

For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsette strækning sette byggegrensa til ein mindre avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje mindre enn 15 meter.

Ved kryss i plan mellom

1) offentlege vegar,

2) offentlege vegar og andre vegar som er opne for allmen ferdsle,

3) offentlege vegar og jarnveg eller sporveg,

skal byggegrensa følgje den rette linja mellom punkt på midtlinja at vegane (jernbana, sporvegen) 60 meter frå skjeringspunktet at midtlinene ved kryss med riksveg og fylkesveg og 40 meter frå skjeringspunktet ved andre kryss. I særskilde høve kan vegstyremakta fastsette ei anna byggegrense for det einskilde krysset. Høyter dei kryssande vegane ikkje under same vegstyremakt, tar den høgste av desse styremaktene avgjerd i saka.

Før det blir tatt avgjerd etter tredje, fjerde eller femte ledd, skal vedkommande kommune få høve til å seie si meinung. Eigaranne av dei eigedomar som vedtaket får verknad for, skal gis skriftlig melding om avgjerd.

Dei avstandane som er oppgitt i denne paragrafen, skal målast vassrett og i rett line.

0 Endra med lovver 14 juni 1985 nr. 77. 1 mars 1996 nr. 11 (ikt. hv. 1 apr 1996 og 1 juli 1996), 7 apr 2000 nr. 21 (ikt. 1 mai 2000 ihtg. res. 7 apr 2000 nr. 318), 27 juni 2008 nr. 71 (ikt. 1 juli 2009 ihtg. res. 12 juni 2009 nr. 638), 19 juni 2009 nr. 109 (ikt. 1 jan 2010).

§ 30. Utan særskilt løyve frå vegstyremakta kan byggeverk, her òg laus kiosk, opplag eller anna større innretning ikkje plasserast innanfor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i § 29.

Føresegnene i første ledd skal gjelde tilsvarande for vareramper, murar og liknande innretningar, for utsprengde og utgravne rom og for nettstasjonar og andre byggverk m.v. i tilknytning til leidningar som nemnde i § 32. Det same gjeld for gjerdar som kan hindre fri sikt, dersom ikkje anna følgjer av §§ 44 fig.

Etter nærare føresegner som vegstyremaktene fastsett, kan skogsvirke plasserast ved offentleg veg.

0 Endra med lov 1 mars 1996 nr. 11 (ikr. h.v. 1 apr 1996 og 1 juli 1996), 21 juni 2002 nr. 39 (ikr. 1 juli 2002 iflg. res. 21 juni 2002 nr. 576), 21 juni 2019 nr. 68 (ikr. 1 jan 2020 iflg. res. 21 juni 2019 nr. 869).

§ 30 a. Erstatning på grunn av byggegrønseser fastsette i eller i medhald av § 29, jfr. § 30, kan bortsett frå i ekspropriasjonssak berre krevast av den som har søkt om løyve etter § 30 og som, etter at han har fått avslag, har klaga saka inn for høgste styremakt og har fått klageavgjerda mot seg. Kravet vert forelda eit år etter at vedkommande har fått melding om avgjerda eller er blitt kjent med eller burde ha gjort seg kjent med henne.

Første ledden gjeld tilsvarande for krav om erstatning for forbod fastsette i eller i medhald av føresegnene i §§ 32-35.

0 Foyd til med lov 21 mai 1967 nr. 4.

§ 34. Når byggverk eller anna innretning som nemnt i §§ 30 eller 32 heilt eller delvis ligg eller er plassert i strid med denne lova eller med føresegner gitt med heimel i lova, må byggverket eller innretninga ikkje utan særskilt løyve frå vegstyremakta på nokon måte endrast slik at byggverket eller innretninga vert meir i strid med lova. Byggverket eller innretninga må heller ikkje utan slikt løyve takast i bruk til vesentlig anna føremål enn før.

0 Endra med lov 1 mars 1996 nr. 11 (ikr. 1 apr 1996), 21 juni 2002 nr. 39 (ikr. 1 juli 2002 iflg. res. 21 juni 2002 nr. 576), 21 juni 2019 nr. 68 (ikr. 1 jan 2020 iflg. res. 21 juni 2019 nr. 869).

§ 35. Blir byggverk eller anna innretning som nemnt i §§ 30, 32 eller 33 rive ned eller øydelagt ved brann eller på annan måte, anten heilt ut eller i så stor mon at reparasjon vil bli ei vesentleg oppattnying, må oppattbygging berre gjennomførast i samsvar med føresegnene i §§ 29, 30, 32 og 33.

0 Endra med lov 1 mars 1996 nr. 11 (ikr. 1 juli 1996).

§ 38. Når arbeid med ein plan for offentleg veg er kome så langt at veglina kan visast i marka, kan vegstyremakta vedta at grunn som vil ligge innfor byggegrønseser etter § 29, ikkje må byggast på eller nyttast på ein måte som vil kome i strid med lova her.

Når plan for offentleg veg er endeleg vedtatt, kan grunn som vil ligge innfor byggegrønseser som er fastsette i eller med heimel i § 29, ikkje byggast på eller nyttast på ein måte som vil kome i strid med lova her.

Før det blir tatt avgjerd etter første ledd for riksveg eller fylkesveg, skal vedkommande kommune få høve til å uttale seg.

Er veglina ikkje endeleg vedtatt seinast 2 år – for stamveg seinast 10 år – etter at det er lagt ned forbod, fell forbodet bort. Vegstyremakta kan lenge fristen, men ikkje for meir enn 1 år om gongen.

